

**Fra:** fmrohbo@fylkesmannen.no  
**Sendt:** 14. januar 2015 15:59  
**Til:** Postmottak KD  
**Emne:** Høringsuttalelse ny privatskolelov

## **Høringsfråsegn frå Fylkesmannen i Rogaland**

Endringar i privatskolelova

### **Til kap. 6 – inntak av elevar**

Fylkesmannen ser utfordringar knytte til korleis ny siste setning i § 3-1 første ledd (« Skolane kan reservere eit begrensa antall av elevplassane til søkjarar som kjem etter hovudinntaket») skal praktiserast. Det gjeld både kor mange plasser som kan haldast av, kor lenge plassane kan/skal haldast av og korleis desse søkjarane skal prioriterast i forhold til dei som har søkt innan fristen. Vi ønskjer at departementet presiserer dette meir detaljert.

### **Til kap. 3 - godkjenningsordninga**

Fylkesmannen vil tru at det for elevar som ikkje får læreplass, vil kunne vere ein fordel å fortsette på same skolen. Vi støttar derfor forslaget om at private skolar som tilbyr yrkesfagopplæring, også kan tilby Vg3 i skole.

### **Til kap. 10 – skoleverksemd, bruken av skolepengar og statstilskott, tilsyn, reaksjonsformer mv.**

Fylkesmannen støttar forslaget til endring av § 2-2 og departementets sine presiseringar knytte til skoleverksemd og tilleggsverksemd.

Fylkesmannen vil elles nytte høvet til å be departementet om å vurdere trekkordninga og korreksjonsordninga til kommunane. Sjølv om trekket berre er 80 % av gjennomsnittleg kostnad for elevar i den offentlege skolen, kan trekket slå uheldig ut for enkelte kommunar. Vi har ved fleire høve tatt dette opp både med tidlegare Utdannings- og forskingsdepartementet og Kommunaldepartementet, m.a. på bakgrunn av at ein kommune med høg del elevar i private skolar (meir enn 10%) , dokumenterte at dei hadde plass til alle elevane i privatskole på kvar elev sin nærskole i allereie oppretta klasser. Som kjent, er utgiftene på dette området i all hovudsak knytte til klasser/grupper og ikkje til enkeltelevar. Kommunen får altså trekk i inntektene utan at dei kan redusere kostnadene.

Korreksjonsordninga gir etter vårt syn også uheldige utslag. Frå grønt hefte kan vi sjå at ein stor kommune som Stavanger, som har relativt få elevar i private skolar, får stor netto gevinst. Mindre kommunar, til dømes Hå, Eigersund og Karmøy, som har relativt høg del elevar i private skolar, kjem ut med ei stor negativ nettoverknad.

Vi vil på det sterkaste oppmode departementet om å sjå på ordninga og så ta dette opp med KMD. Ei endring der ordninga i større grad er knytt til grupper/klassar i staden for til enkeltelevar, vil truleg gjere **trekkordninga** meir treffsikker. Vidare meiner vi det bør vurderast å endre **korreksjonsordninga** slik at kommunar med høg del elevar i private skolar, får meir av trekket tilbakeført.

Mvh  
Fylkesmannen i Rogaland

Hallgeir Bø  
Assisterande utdanningsdirektør